



VEGFORUM ØST-VEST

Notodden, 28. november 2016

Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723
4808 ARENDAL

16/6914 KVU E134 GVAMMEN-VÅGSLI- HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ VEGFORUM ØST-VEST

Oppsummering og konklusjonar

Vegforum Øst-Vest sluttar seg til konklusjonane i KVU-rapporten for parsellen Gvammen-Vågsli, der Statens Vegvesen (SVV) tilrår ny trasé nord for noverande E134 etter alternativ *Korridor nord*. Dette vil gjere vegen 35 km stuttare og korte inn reisetida med meir enn 50 minuttar i høve til noverande trasé.

Vegforum Øst-Vest vil understreke at E134 sitt potensiale ikkje vert utnytta utan realisering av armen mot Bergen. Difor må det snarast råd setjast i gong KVU-arbeid for Bergensarmen.

Merknader frå Vegforum Øst-Vest

Vegforum Øst-Vest vil understreke at traséen Gvammen-Vågsli (85 km) utgjer ein stor og viktig del av vegsambandet som knyter saman Austlandet (Oslofjord-området) og Vestlandet (sør for Sognefjorden) med ei folkemengd på høvesvis ca. 2 og 1 millionar menneske. Vegforum Øst-Vest seier seg nøgd med at SVV i arbeidet med konseptvalutgreiinga har hatt eit overordna samfunnsøkonomisk perspektiv i høve til problemstillingar i dei direkte berørte kommunane (Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Hjartdal og Notodden) der SVV har vektlagt effektivitet (reiselengd, reisetid m.m.) og tryggleik (ras- og vintersikker veg m.m.).

Styreleiar:

Svein Sem
Heddalsvn. 590
3677 Notodden
Mob.: 902 83 121

Nestleiar:

Nicolai Østhus
Asparhaug 20
5563 Førresfjorden
Mob.: 982 56 350

Styremedlem:

Halvor Grene
Skavangerveien 38
3617 Kongsberg
Mob.: 970 56 029

Styremedlem:

Asbjørn Gardsjord
Neslandsvegen 223
3864 Rauland
Mob.: 909 87 8 28

Styremedlem:

Arne Skogheim
Utgardsvegen 152
3895 Edland
Mob.: 951 20 107

Styremedlem:

Asbjørn Espeset
Hamrane 30
5563 Førresfjorden
Mob.: 909 91 973

Då parsellen Gvammen-Vågsli er ein så viktig del av aust-vestsambandet og dessutan er omfatta med stor interesse av brukarar ut over eige geografisk område, meiner Vegforum Øst-Vest at SVV i KVV-arbeidet med fordel kunne ha inkludert høyringsinstansar på aust- og vestsida av parsellen (Buskerud, Hordaland og Rogaland) mellom anna ved dei kontakt-/informasjonsmøte som SVV har halde underveis i arbeidet.

SVV tilrådde i aust- vestutgreiingane (januar 2015) at E134 over Haukeli vart vald som eit framtidig hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Framlegga frå SVV bygde på føresetnaden om at traséen vart omlagt frå noverande trasé gjennom Seljord til ein ny trasé gjennom Rauland. Den samfunnsøkonomiske lønnsmda ved Raulandsalternativet vart berekna til 12 mrd. kr. Vidare viste SVV sine berekningar at Raulandsalternativet i kombinasjon med arm til Bergen ville gje ei samla samfunnsøkonomisk lønnsmd på totalt 26 mrd. kr.

KVV-rapporten for parsellen Gvammen-Vågsli (2. september 2016) stadfester i hovudsak SVV sine tidlegare konklusjonar frå aust-vestutgreiingane, mellom anna skilnaden i samfunnsøkonomisk lønnsmd mellom *Korridor nord* (tilnærma Raulandsalternativet) og *Korridor sør* (tilnærma Seljordsalternativet) på over 10 mrd. kr. Dei reelle årsaksfaktorane bak skilnaden er i hovudsak det faktum at *Korridor nord* er 23 km stuttare.

Regjeringa har som kjent vedteke å droppe armen på E134 til Bergen. Dette til tross, kan Vegforum Øst-Vest ikkje sjå at det etter framlegging av aust- vestutgreiingane (januar 2015), har kome fram moment som skulle berettige ei slik avgjerd. Vegforum Øst-Vest er overtydd om at ei konseptvalutgreiing for armen mot Bergen ville ha dokumentert ein formidabel auke i samfunnsøkonomisk lønnsmd, på same måte som aust-vestutgreiingane. Dei reelle årsaksfaktorane bak denne formodninga, er det faktum at E134 med Bergensarm ville ha dubla trafikkgrunnlaget aust-vest, samstundes som trafikken til Bergen kunne nytta den felles E134-traséen til Haugesund/Karmøy på ca. 70 % av veglengda (fram til Seljestad).

Med Regjeringa sitt vedtak om å droppe armen mot Bergen, har Regjeringa undergrave intensjonane bak aust-vestutgreiingane, som jo nettopp var å identifisere vegalternativa med høgst samfunnsøkonomisk lønnsmd. SVV har like fullt kommentert spørsmålet om armen mot Bergen i eit eige avsnitt i KVV-rapporten for Gvammen-Vågsli (side 48). I avsnittet stadfester SVV at armen mot Bergen er sentral for Haukelialternativet (E134) og konkluderer som følgjer: *En arm fra E134 til Bergen vil befeste posisjonen til E134 som øst-vest-forbindelse ytterligere, uavhengig av konseptvalg på rv.7 eller rv. 52. Dette innebærer at trafikken gjennom prosjektområdet vil øke ytterligere, og med dette den samfunnsøkonomiske nytten av Konsept sør og Konsept nord.*

Med henvisning til SVV sine berekningar, som syner at Bergensarmen aukar den samfunnsøkonomiske lønnsmda for Haukelialternativet (E134) med 14 mrd. kr, seier det seg sjølv at E134 sitt potensiale er betinga av at Bergensarmen vert realisert. Vegforum Øst-Vest meiner difor at det snarast råd må setjast i gong KVV-arbeid for Bergensarmen.

Vegforum Øst-Vest sluttar seg elles til konklusjonane i KVV-rapporten for Gvammen-Vågsli, og vil særskilt peike på framlegga frå SVV om at det parallellt med realisering av *Korridor nord* må gjennomførast ei naudsyn oppgradering av tilførselsvegane mellom

korridoren og det øvrige vegnettet. Like eins vil Vegforum Øst-Vest understreke at det snarast råd må setjast i gong kommuneplanarbeid for strekningen Saggrenda-Vågsli.

Med helsing
VEGFORUM ØST-VEST



Svein Sem
Styreleiar

Kopi til:

SD, Stortingets transport- og kommunikasjonskomité, SVV, aviser i Telemark, Hordaland, Rogaland og Buskerud, m.fl.